

Sak: 27/2016**Saksgrunnlag – Kommunestruktur – informasjon****Informasjonsbrosjyre**

Det er utarbeida ei felles brosjyre for kommunane Lindås, Meland og Radøy. Den er sopass generell at den kan utvidast til å gjelde alle kommunane i Nordhordland. Det har vore drøfta om ein skulle gjere ei slik utviding, men utan at det er teke nokon avgjersle om det.

Prosjektleiari har tidlegare sendt ut ein e-post til ordførarar og rådmenn med følgjande spørsmål:

- Bør det lagast ei felles brosjyre for 8K alternativet?
- Kan ein bruke den 3K brosjyra som mal? Endra det som er opplagt og evt. tydeleggjera noko?
- Bør den leggest i postkassane?

Har fått følgjande tilbakemeldingar:

- Ønskjer ei slik brosjyre og at den leggest i postkassane: Austrheim, Lindås og Masfjorden
- Ser ikkje behov for ei slik brosjyre: Meland og Gulen
- Har ikkje svart: Radøy, Modalen og Fedje

Administrasjon ser det som naturleg at dette vert diskutert i Regionrådet i og med at behovet for ei brosjyre vert vurdert noko ulikt.

Ungdom og vidaregåande skular

Prosjektleiari har sendt ein e-post til dei to vidaregåande skulane. Har fått tilbakemelding frå Austrheim vidaregåande. Prøver å få til eit møte med dei i veke 15. Ser for oss med eit opplegg der vi (ordførarar) først har ei orientering om bakgrunn osv. så prøver vi å utfordre elevane til å kome med sine synspunkt og få til ein dialog.

Administrasjon ser det som naturleg at Regionrådet diskuterer korleis ein ønskjer å fordele denne oppgåva på ordførarane.

Annonse

Det synes ikkje som engasjementet om kommunereforma er spesielt stort. Oppmøte på folkemøta har ikkje vore spesielt store og det har heller ikkje vore mykje kontakt og spørsmål til kommunane om reforma. Lokalavisene har vore flinke til å dekke temaet, men det kan sjå ut som det er behov for å prøve å få til noko auka engasjement før ein kjem fram til innbyggjarundersøking/folkeavstemming.

Eit alternativ til brosjyre eller som eit tillegg, kunne vere ei heilsides annonse i lokalavisene der alle kommunane er med å informerer om kommunestrukturprosjektet, og at evt. legg vekt på litt god utforming / layout.

Annonsen kunne t.d. seia noko om:

- Status for prosjektet og intensjonsavtalen
- Prosessen og tidsplanen framover
- Plan for folkemøte/informasjonsmøte framover
- Folkeavstemming og innbyggjarundersøking – korleis det skal gjennomførast
- Korleis kan innbyggjarane kome med innspel og bli høyrte
- Informasjon om heimesida til NUI og kommunane

Forslag til vedtak

1. NUI jobbar vidare med å få til orienteringsmøte på dei vidaregåande skulane der ordførarane deltek.
2. Det vert laga til ei brosjyre som vert lagt ut på heimesida til NUI og kommunane. Brosjyra vert også trykt opp i ein enkel versjon av alle kommunane og lagt ut i resepsjonen i rådhusa og på biblioteka. Heimesidene viser til dette.
3. Det vert utforma ei større annonse i lokalavisene som dei 8 kommunane står bak der det vert informert om kommunestrukturprosjektet og prosessen.